



Surnadal kommune
Rådmannen

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Melding om vedtak

Dykkar ref:
«REF»

Vår ref
2012/2583-32

Saksbehandlar
Astrid Mogstad Høivik

Dato
14.03.2013

Samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule

Vedlagt følger sakspapira med vedtak i saka.

Med helsing

Astrid Mogstad Høivik
kommunalsjef

Kopi til:
Inger Anne Aune



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutval for oppvekst	5/13	06.02.2013
Kommunestyret	2/13	14.02.2013

Samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule

Vedlegg

- 1 Uttale frå Utdanningsforbundet
- 2 Uttale frå Elevrådet ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter
- 3 Uttale frå Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter
- 4 Uttale frå John Heggem dy og Nora V. Bøe
- 5 Privatskule underskrift
- 6 Uttale frå arbeidsgruppa for uteskule i Bøfjorden
- 7 Uttale frå Lars Settemsdal
- 8 Uttale fra Ungdomsrådet - Særutskrift - Samanslåing av Bøfjorden og Bæverfjord skule
- 9 Høyringsuttale
- 10 Uttale frå FAU ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter
- 11 Uttale frå Elin Merete og Magnus Bøklep
- 12 Uttale frå FAU ved Bøfjorden barnehage
- 13 Uttale frå Sondre Bøe, Lars Settemsdal og Kennet Haarstad
- 14 Uttale frå Bøfjorden grendalag
- 15 Uttale frå Torhild Bæverfjord
- 16 Uttale frå Bodil Kvam Aasbø
- 17 Uttale frå Bjørge Aasbø
- 18 Uttale frå Kristin Betten og Tommy Bøe
- 19 Uttale frå Bernt Bøe
- 20 Særutskrift - Høyring - Samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule, lokalisert på Bæverfjord skule frå hausten 2013

Saksopplysningar

Surnadal kommunestyre vedtok å leggje ut eit høyringsforslaget om samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule, og ei ny forskrift for skulekrinsane for Bæverfjord skule og Bøfjorden skule frå 01.08.13:

Ny forskrift for Bøfjorden og Bæverfjord skulekrins frå 01.08.2013:

- a) Bøfjorden skulekrins og Bæverfjord skulekrins frå 1974 skal frå 01.08.2013 vere **ein** skulekrins.

- b) Skulen skal vere lokalisert i skulebygget i Bæverfjord.
- c) Den nye skulekrinsen heiter ”Skulekrins for Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter”.
- d) Alt skuletilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter i Bæverfjord. Dette vil vere ordinær grunnskuleopplæring for 1. -7.trinn, leksehjelp 1.- 4.trinn, fysisk aktivitet 5. -7.trinn og skulefritidsordning for 1.- 4.trinn.
- e) Eventuelt nye aktivitetar eller tilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve på same stad.

Forslaget vart sendt ut til høyring i dei ulike rådsorgana ved oppvekstsenteret, PPT og til arbeidstakarorganisasjonen Utdanningsforbundet i Surnadal. Det vart også gjennomført eit høyringsmøte for foreldre/føresette og tilsette onsdag 09.01.13.

Fristen for å kome med høyringsuttalar var sett til torsdag 31.01.13. Ved fristen var det kome inn 18 uttalar, både frå formelle rådsorgan og andre. Oppsummeringar i kursiv er henta direkte frå uttalane. Nokre uttalar er lange, difor har ein vald å setje inn konklusjonane på uttalane i tabellen nedanfor. For å få innsyn i heile uttalen, kan ein lese dei vedlagde uttalane.

Uttalar frå dei formelle høyringspartane:	Oppsummering av uttalen:
Uttale frå Utdanningsforbundet	Vore med i prosessen kring tilsetting/bemannning. Ønsker ikkje å presse nokon til å arbeide ein stad dei ikkje ønskjer.
Uttale frå Elevrådet ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	Framfører argument både for og mot 1 eller 2 skular.
Uttale frå Samarbeids- og skulemiljøutvalet ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	- <i>”Fleirtalet av dei tilsette i skulen stiller seg bak vedtaket i kommunestyret.</i> - <i>Dei (tilsette i barnehagen i Bøfjorden)meinte det var vanskeleg å finne gode argument for å oppretthalde Bøfjordskulen, utanom den lange bussturen, men poengterte at personalet vart delt i synet på dette.</i> - <i>Foreldrerepresentantar frå barnehage og skule i Bæverfjord såg positivt på samanslåing av to små skular, men meinte det måtte arbeidast med å korte ned vente-/reisetid for elevane i Bøfjorden.</i> - <i>For fleirtalet (av foreldre i Bøfjorden) er ikkje samanslåing med Bæverfjord noko alternativ, enten fekk dei behalde skulen sin i Bøfjorden, eller så vart det privatskule i bygda.</i> - <i>I elevrådet gjekk 5 for samanslåing, ein i mot.”</i>
Uttale frå FAU ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter	<i>”På bakgrunn av dei nemnte punkta må FAU sin høyringsuttale bli todelt, på den måten at ei klar overvekt av foreldra til elevar frå Bøfjorden er imot, medan foreldra frå Bæverfjord stiller seg positive til det framlagte forslaget.”</i>
Uttale frå FAU ved Bøfjorden barnehage	<i>”Vi fryktar at barnehagen vår blir meir sårbar utan skule på same plass, og fryktar dermed at den og må leggas ned. Og argument som då kan bli brukt mot oss er argument som kommunen sjølv skapar gjennom ei eventuell nedlegging:</i> • <i>få ansatte – mindre læringsmiljø</i> • <i>færre ungar å leike med</i> • <i>skuleplassen skal brukas til noko anna</i> • <i>vanskeleg overgang frå barnehage til skule”</i>

Uttalar frå andre:	Oppsummering av
Uttale frå John Heggem dy og Nora V. Bøe	<i>” ”Elevens beste” blir sagt å vere det viktigaste for ei avgjerd i skulesaka. Vi har to skulebarn neste skuleår, og</i>

	<i>kan ikkje sjå at nedlegging av Bøfjorden skule vil gi dei ein betre skulekvardag. Medbakgrunn i punkta over, vil vi heller seie - tvert i mot."</i>
Privatskule underskrift	Sjå vedlegg.
Uttale frå arbeidsgruppa for uteskule i Bøfjorden	<i>"Viss kommunen verkeleg vil " barnas beste" som dei seier, kan dei visa det ved å følgje fleirtalet av foreldra, snu i saka og oppretthalde Bøfjorden skule. Da får vi sjansen til å satsa på ei interessant og spanande skuledrift i Bøfjorden i framtida. Dette vil vere å sette truverdighet bak orda " barnas beste"."</i>
Uttale frå Lars Settemsdal	<i>"Til slutt håper og ønsker jeg at dere gjør en skikkelig research, innser at dere har gjort en feil, og arbeider skikkelig med å få i gang Bøfjorden skole igjen i stedet for å kaste bort mer tid på denne saken! Dere lovet tross alt å bevare grendeskolen da dere ble valgt, så jeg foreslår dere begynner å leve opp til de løftene!"</i>
Uttale fra Ungdomsrådet - Særutskrift - Samanslåing av Bøfjorden og Bæverfjord skule	<i>"Ungdomsrådet meiner at både det faglege og det sosiale miljøet blir for dårleg ivareteke ved skular som er mindre enn 3-delt ."</i>
Høyringsuttale – Gunnhild V. Bøe og Anders Melling	<i>"For Bøfjordingane, og for vår familie, vil ei framtidig forflytting til Øye bety ein skuleveg (inkludert bussbytte og runde rundt fjorden) på omlag ein time, kvar veg. Dette er godt over den tilrådde tidsgrensa på 45 minutt. Vi ser med skrekk og gru på korleis det skal bli å sende sonen sin på 5 år med buss denne lange vegen, anten det er til Bæverfjord eller Surnadal"</i>
Uttale frå Elin Merete og Magnus Bøklep	<i>"Kommunen skal dokumentere at skulenedlegging skal være til Barnets beste.- Løysinga skal være betre eller like god som den var: Jfr det vi opplever, så er det ikkje slik, tvert imot: vi opplever angst for lang og utrygg skuleskyss og ein skule vi ikkje er trygge på at fungerer bra nok slik det er i dag. Med stadig utskiftingar av lærarkrefter og mykje uro blant ungane, samt at vi ikkje kan bruke sfo Ut i frå dette, meiner det er best for våre born å gå på skule i Bøfjorden."</i>
Uttale frå Sondre Bøe, Lars Settemsdal og Kennet Haarstad	<i>"Vi mener at å beholde Bøfjorden skole vil være med på å gi elevene en betre hverdag og mer tid og krefter til å prestere sterkere faglig, og samtidig gjøre de bedre forberedt på å komme til ett større miljø senere."</i>
Uttale frå Bøfjorden grendalag	<i>"På grunn av alle desse punkta er Bøfjorden grendalag sitt syn i saka at skulen her må bestå slik at ungane i Bøfjorden fortsatt har mulegheita til å få undervisning ved Bøfjorden oppvekstsenter."</i>
Uttale frå Torhild Bæverfjord	<i>"Så sammenslåing av Bøfjorden og Bæverfjord skole er for oss som foreldre og for våre barn viktig for deres trivsel og utvikling både sosialt og faglig. Blir ikke de to skolene sammenslått vil vi vurdere sterkt å overflytte ungene våre til Øye skole."</i>
Uttale frå Bodil Kvam Aasbø	<i>"Vi ynskjer at borna vore skal være aktive, sunne og trygge, og det oppnår vi lettast i Bøfjorden. Eg siterer ordførar Mons Otnes: «Vi har utelukkende barnas beste i tankane». Akkurat det har eg og, og eg tørr påstå at EG veit betre enn Mons kva som er best for mine born. Men desverre så er det ikkje vi, men politikarane</i>

	<i>som bestemmer kva som er best for mine born, og eg bed dykk: Tenkj dykk godt om!"</i>
Uttale frå Bjørge Aasbø	<i>"Eit stort fleirtal av foreldra ønsker fortsatt skule i Bøfjorden (sist dokumentert av FAU ved banehagen i Bøfjorden). 6. Arbeidet med privatskulesøknad er så smått i gang. Søknadsfristen er 1. april, og ved godkjenning vil vi vera klar for oppstart hausten 2014."</i>
Uttale frå Kristin Betten og Tommy Bøe	<i>"Kort oppsummert: Det vi oppfatter som godt læringsmiljø og god ledelse, er det som Bøfjorden skole kunne tilby - et inkluderende og åpent miljø. Vil også understreke elevveksten vi kan vise til. Vi har gjort jobben – nå er det Deres tur!"</i>
Uttale frå Bernt Gudrunson Bøe	<i>"Det er aldri for seint å snu. Vi har i den seinare tida sett gledelege døme på at endatil store politikarar har vist mot og vilje til å innrømme feil og dårleg arbeid – og at vedkomande har vakse mykje i omdømme ved å gjera ting på nye og betre måtar. Dei tapte ikkje prestisje, som dei kanskje frykta. Dei vann – på mange måtar. Skulenedlegging i Bøfjorden treng ikkje vera den «hastesaka» som etaten tydelegvis har lagt opp til. Det er påvist så mykje dårleg saksarbeid og så mange politiske feilgrep – medrekna lovnader som no står i fare for å bli løgner – at ny gjennomgang og betre samarbeid med dei dette mest gjeld, bør vera eit realistisk og naturleg tema for seriøs vurdering. Surnadal kommune vil ikkje ta skade av det."</i>

Vurdering

Det er kome inn uttalar som er i mot og som støttar ei samanslåing av Bøfjorden skule og Bæverfjord skule.

Av det som er kome fram i høyringane, vil rådmannen særleg trekkje fram bekymringar kring lang skuleskyss, dersom det blir samanslåing. Dette er eit vesentleg punkt, som ein arbeider med å forbetre i dag også. Frå hausten 2013 skal ungdomstrinnet utvidast med valfag for 9.trinn, i tillegg til 8.trinn. Timetalet pr. veke blir da utvida med ein ny halvtime.

I tillegg har regjeringa bestemt at det skal leggjast til 1 klokke time med gratis kulturskuletilbod for 1.- 4.trinn frå hausten 2013, som ein del av satsinga på heildagsskule. Dialogen kring organisering av dette er allereie i gang mellom skulane i kommunen, kommunen, samferdselsavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune og Nettbuss. Omsynet til dei elevane som har lengst skuleveg både i bygdene og på ungdomsskulen må da vektleggjast tungt.

Nokre foreldre i Bøfjorden er bekymra over å misse SFO- tilbodet i Bøfjorden. Ved Todalen og Stangvik oppvekstsenter har ein i dag ei ordning med oppmøte på Stangvik barnehage, og skuleskyss til Todalen om morgonen, og retur for henting av foreldra på Stangvik barnehage på ettermiddagen. Ei slik ordning bør det kunne vere mogleg å få til i Bøfjorden også.

Rådmannen forstår at mange foreldre i Bøfjorden er bekymra for ungane sine, og ønskjer å behalde skulen i bygda, og ein difor vurderer å søkje om å etablere privatskule. Dette er ikkje noko rådmannen ønskjer, men må ta til etterretning. Departementet har sett søknadsfrist til 01.04.13 for søknadar om oppstart frå hausten 2014, og har også sett krav til gjennomsnittleg minimumstal på elevar over 3 år ved ein skule, for å godkjenne slike søknader.

Rådmannen meiner likevel at det ikkje er kome inn vesentleg nye moment, og vil difor oppretthalde tilrådinga som låg til grunn for høyringa. Grunngevinga for dette finn ein i det vedlagde saksframlegget til høyringssaka.

Rådmannen si tilråding

1. Surnadal kommunestyre vedtek at Bøfjorden skule og Bæverfjord skule blir slått saman til **ein** skule frå 01.08.2013 med fysisk plassering ved Bæverfjord skule.
2. Surnadal kommunestyre vedtek ny forskrift for Bøfjorden og Bæverfjord skulekrins frå 01.08.2013:
 - a) Bøfjorden skulekrins og Bæverfjord skulekrins frå 1974 skal frå 01.08.2013 vere **ein** skulekrins.
 - b) Skulen skal vere lokalisert i skulebygget i Bæverfjord.
 - c) Den nye skulekrinsen heiter ”Skulekrins for Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter”.
 - d) Alt skuletilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter i Bæverfjord. Dette vil vere ordinær grunnskuleopplæring for 1. -7.trinn, leksehjelp 1.- 4.trinn, fysisk aktivitet 5. -7.trinn og skulefritidsordning for 1.- 4.trinn.
 - e) Eventuelt nye aktivitetar eller tilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve på same stad.

Behandling i Hovudutval for oppvekst - 06.02.2013

Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteke med 5 mot 2 røyster.

Hovudutval for oppvekst si tilråding:

1. Surnadal kommunestyre vedtek at Bøfjorden skule og Bæverfjord skule blir slått saman til **ein** skule frå 01.08.2013 med fysisk plassering ved Bæverfjord skule.
2. Surnadal kommunestyre vedtek ny forskrift for Bøfjorden og Bæverfjord skulekrins frå 01.08.2013:
 - a) Bøfjorden skulekrins og Bæverfjord skulekrins frå 1974 skal frå 01.08.2013 vere **ein** skulekrins.
 - b) Skulen skal vere lokalisert i skulebygget i Bæverfjord.
 - c) Den nye skulekrinsen heiter ”Skulekrins for Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter”.
 - d) Alt skuletilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter i Bæverfjord. Dette vil vere ordinær grunnskuleopplæring for 1. -7. trinn, leksehjelp 1.- 4. trinn, fysisk aktivitet 5. -7. trinn og skulefritidsordning for 1.- 4. trinn.
 - e) Eventuelt nye aktivitetar eller tilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve på same stad.

Behandling i Kommunestyret - 14.02.2013

Innleiing v/leiar i PPT – Marit Syrstad Stavne.

Utsettingsforslag:

Senterpartiet v/Bernt Venås sette fram følgjande utsettingsforslag:

1. Saken utsettes og det arbeides aktivt for å avklare følgende:

- b) Innhold og bruk av skolebygninger som i fremtiden ikke vil bli brukt til undervisningsformål.
- c) Navnevalg – kan ”Åsskard skule” være ett aktuelt navn
- d) Hvordan sikre gode overganger mellom hjem, SFO, skole.
- e) ”Uteskule”, helt eller delvis, som svært positiv innfallsvinkel på undervisningen (På flere skoler?)
- f) Reisetid må holdes innenfor rettleidende normer, hvordan klare dette?
- g) Sikre at bussreisen blir mobbefri sone.
- h) Lage en skisse for å oppnå best mulig samarbeid mellom hjem og skole.
- i) Økonomi:
 - Lage oversikter som viser hvilke grunngitte investeringsbehov det vil være behov for de nærmeste ca. 20 årene.
 - Skoleskyss
 - Barnehage (-r)
 - SFO (lokalisert 2 steder)
 - Og andre relevante økonomiske forhold som administrasjonen mener bør vektlegges.

2. Saken legges frem for politisk behandling i november 2013.

Votering:

Utsettingsforslaget fall med 9 mot 18 røyster.

Forslag:

Lars Polden sette fram følgende forslag:

1. Tilbod om sfo/ tilsyn i Bøfjorden for dei elevane frå Bøfjorden som ønskjer det.
2. Finna gode løysingar på skuleskyssen frå Bøfjorden slik at reisetida blir så kort som mogleg.
3. Leggja vekt på at det blir eit likeverdig tilbod i samarbeidet skule – barnehage uavhengig av om elevane går i barnehagen i Bæverfjord eller Bøfjorden.
4. Avklara kva som skal skje med skulen og utearealet ved Bøfjorden skule.
5. Leggja til rette for eit godt og konstruktivt samarbeid mellom skule og heim.
6. Den nye skulen vil dekkja heile gamle Åsskard kommune. Kommunestyret ber om å få opp ei namnesak for det nye oppvekstsenteret.

Lars Inge Kvande sette fram følgende forslag:

3. Surnadal kommunestyre vedtek at Bøfjorden skule og Bæverfjord skule blir slått saman til ein skule frå 01.08.2013 med fysisk plassering ved Bøfjorden skule.
- 2b) Skulen skal være lokalisert i skulebygget i Bøfjorden.
- 2d) Alt skuletilbod etter opplæringslova vil bli gjeve ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter i Bøfjorden. Dette vil vere ordinær grunnskuleopplæring for 1. – 7. trinn, leksehjelp 1. – 4. trinn, fysisk aktivitet 5. – 7. trinn og skulefritidsordning for 1. – 4. trinn.

Votering:

Pkt. 1 i tilrådinga frå Hovudutval for oppvekst vart sett opp mot pkt. 1 i forslaget frå Lars Inge Kvande.

Tilrådinga frå Hovudutval for oppvekst vart vedteke med 25 mot 2 røyster.

Pkt. 2 i tilrådinga frå Hovudutval for oppvekst vart vedteke med 19 mot 8 røyster.

Det vart så votert pkt. for pkt. over Lars Polden sitt forslag:

Tilbod om SFO.....

Forslaget frå Lars Polden fall med 11 mot 16 røyster.

Finna gode løysingar.....

Forslaget frå Lars Polden vart vedteke med 23 mot 4 røyster.

Leggja vekt på....

Forslaget frå Lars Polden fall med 12 mot 15 røyster.

Avklara kva som.....

Forslaget frå Lars Polden fall med 12 mot 15 røyster.

Leggja til rette for...

Forslaget frå Lars Polden vart vedteke med 14 mot 13 røyster.

Den nye skulen....

Forslaget frå Lars Polden vart vedteke med 25 mot 2 røyster.

Kommunestyret sitt vedtak:

1. Surnadal kommunestyre vedtek at Bøfjorden skule og Bæverfjord skule blir slått saman til **ein** skule frå 01.08.2013 med fysisk plassering ved Bæverfjord skule.
2. Surnadal kommunestyre vedtek ny forskrift for Bøfjorden og Bæverfjord skulekrins frå 01.08.2013:
 - f) Bøfjorden skulekrins og Bæverfjord skulekrins frå 1974 skal frå 01.08.2013 vere **ein** skulekrins.
 - g) Skulen skal vere lokalisert i skulebygget i Bæverfjord.
 - h) Den nye skulekrinsen heiter "Skulekrins for Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter".
 - i) Alt skuletilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve ved Bøfjorden og Bæverfjord oppvekstsenter i Bæverfjord. Dette vil vere ordinær grunnskuleopplæring for 1. -7. trinn, leksehjelp 1.- 4. trinn, fysisk aktivitet 5. -7. trinn og skulefritidsordning for 1.- 4. trinn.
 - j) Eventuelt nye aktivitetar eller tilbod etter Opplæringslova vil bli gjeve på same stad.
3. Finna gode løysingar på skuleskyssen frå Bøfjorden slik at reisetida blir så kort som mogleg.
4. Leggja til rette for eit godt og konstruktivt samarbeid mellom skule og heim.
5. Den nye skulen vil dekkja heile gamle Åsskard kommune. Kommunestyret ber om å få opp ei namnesak for det nye oppvekstsenteret.

